



Kriminalomsorgens høgskole  
og utdanningscenter KRUS

# Fritid under ansvar

## Om makt og omsorg og fengsla kvinner

Bacheloroppgåve  
KRUS3900

Kandidatnr. 390010

Kriminalomsorgens høgskole og utdanningscenter KRUS  
Bachelorstudium i straffegjennomføring  
BA20V – haust 2021

Antall ord:9827

## Innhald

Innhald.....	2
Innleiing.....	3
Bakgrunn for valt tema og førforståing.....	4
Metode.....	4
Litteratursøk og kjeldekritikk.....	5
Struktur.....	6
Teoriar .....	6
Fritid .....	6
Aktivitet .....	7
Fritid og fritidsaktivitetar i fengsel .....	8
Fengselskonteksten.....	9
Makt og motstand .....	11
Kjønn og kvinner i fengsel .....	14
Omsorg.....	15
Drøfting .....	16
Kan fritidsaktivitetar blant fengsla kvinner forståast som omsorg? .....	18
Kan fritidsaktivitetar blant fengsla kvinner forståast som makt? .....	21
Avslutning.....	25
Kjelder .....	26
Vedlegg.....	30
Sjølvalt litteraturliste .....	30

## Innleiing

Kriminalomsorgen er ein del av det norske maktapparatet. Fengsla er ein del av Kriminalomsorgen. Ved fengsla er hovudoppgåva å syte for at menneske som er dømt til det vert fråteken fridomen sin for ein avgrensa (eller uavgrensa) tidsperiode; sjå til at dei er ufrie ein bestemt periode. Fengselet kallar dømte inn til soning, og dei som ikkje møter opp kan staten pågripe og tvangsfengsle. Dei innsette i norske fengsel er såleis fysisk underlagt den norske stat si makt. Dei må innrette seg etter anstaltane sine reglar og rutinar, og la dagane gå til dei har gjort opp for seg og igjen kan nyte menneskelivet som frie individ.

I tillegg til å syte for at dei fengsla kroppane held seg innanfor bestemte område, for å syte for samfunnet si sikkerheit i den perioden dei er fengsla, er Kriminalomsorgen pålagt å fremje domfelte sin tilpassing til samfunnet. Kriminalomsorgen skal gi henne høve til sjølv å gjere ein innsats for å motverke nye straffbare handlingar (Strgjfl § 3). Innsette skal kunne leve lovlydige liv etter fengselsopphald noko som kan krevje endring i til dømes økonomiske forhold, bustadforhold, jobbmessige moglegheiter eller i moglegheiter for skulegang. Det kan også bety endring av helsetilstand, av rusvanar, av meistringstrategiar, av omgangskrins, av livsstil - kanskje endring av ein heil identitet. Betyr det at også sjela til den fengsla er underlagt den norske stat?

Ein etat med lovpålegg om sikkerheit og rehabilitering vert altså kalla Kriminalomsorg. Er bruken av omgrepet omsorg berre ei språkleg tilsløring av fysisk og psykisk maktbruk, eller er det faktisk omsorgsarbeid som går føre seg bak låste portar, murar og dører? Det kan vere nærliggande å tenkje at sidan humane verdiar skal ligge til grunn for alt arbeid i Kriminalomsorgen er det her omsorga kjem inn: Ein skal behandle dei fengsla menneska som autonome, med respekt og ikkje straffe dei utover sjølve fridomstapet. Dei skal ha humane og mest mogeleg normale tilhøve med tilgang på mat, søvn og fasilitetar. Dei skal ikkje sone strengare enn nødvendig, dei skal ha brukarmedverknad og individuell behandling for å dekke individuelle behov. Kanskje det er omsorg når betjentar bygger gode relasjonar til innsette og bryr seg, tørkar sveitte og spy, syner empati og støttar innsette i vanskelege situasjonar. Kanskje er det omsorg å gi innsette privilegium utover det regelfastsette. Kanskje er fritidstilbodet på fengselet eit uttrykk for omsorg?

Eller er dette eit umogeleg paradoks? Tek rammene til fengselet frå menneska moglegheit til å utøve eller oppleve omsorg? Kanskje vert ord som «autonomi» og «fritid» meiningslause i ein etat som i sitt vesen er makt og ufridom?

Med fokus på slike spørsmål skal me i denne oppgåva sjå på korleis *fritidsaktivitetar* for fengsla kvinner kan forståast: «Kan teoriar om makt, kjønn og omsorg belyse fenomen kring fritidsaktivitetar blant kvinnelege innsette?»

### Bakgrunn for valt tema og førforståing

Eg har lenge vore frustrert over at kvinner, som ved innsetting fortel om svært vanskelege liv som dei seier dei ønskjer seg ut av, etter kort tid mistar motivasjonen til å gjere endringar, og berre let dagane flyte forbi. Så dumpa eg tilfeldigvis bort i eit kunstterapiprosjekt i fengsel. Dette fasinerte meg, då kvinnene som deltok var svært begeistra. Det kunne sjå ut som dei gjekk inn i ein vanskeleg endringsprosess med liv og lyst. Eg skreiv difor litt om dette i ei oppgåve førre semester. Der prøvde eg å finne ut om det var noko med kreative aktivitetar som verka spesielt motiverande eller om noko spesielt «kvinneleg» vart tiltrekt av dette.

I løpet av arbeidet med den oppgåva dukka nye spørsmål opp: Den fysiske maktutøvinga er me i Kriminalomsorgen svært bevisst, og me gjer det me kan for å hindre overgrep her. Men krav til innsette om samarbeid, progresjon og endringsvilje er kanskje problematisk bruk av makt det også? Dei fengsla kvinnene treng ofte hjelp til å forstå seg sjølv, tilgi seg sjølv og ta vare på seg sjølv. Er det ei form for maktbruk å hjelpe dei med det? Eg får jo av og til får lyst til å tvinge dei til sjølvinnsikt, sjølvomsorg og til å endre seg... Kanskje jobben eg gjer er meir styrt av *mitt* ønskje om å hjelpe enn av deira behov for hjelp?

Så frå fokus på effektivt endringsarbeid som kan verke i praksis dreia mitt fokus seg mot etikk, filosofi, sosiologi og kjønn. Eg ønskjer å fokusere på kvinner i fengsel, både fordi det har eg interesse for og erfaring med. Eg søker auka forståing om fenomen og eksistensar i kvinnefengsel: Å forstå meir av dei meiningssamanhengane eg er ein del av (Brottveit, 2018 s. 35).

### Metode

Ein metode er ein framgangsmåte og eit middel for å løyse problem og komme fram til ny kunnskap seier Dalland (2020, s. 53), medan Skotte og Veiden (2018, s. 54) understrekar at ulike metodar vil gi ulike perspektiv og syne oss ulike utsnitt av verda. I denne samanhengen har eg ikkje hatt høve til å velje metode, då den allereie var bestemt av studiestaden. I ei litterær oppgåve skal metodekapittelet gjere greie for korleis ein har funne fram til kjelder for teksten ein har produsert (Dalland, 2020, s. 206). I og med at dette studiet er nært knytt til ein profesjon er også eigne praksiserfaringar kjelder.

Som fengselsbetjent arbeider ein i eit felt der human- og samfunnsvitskapar er sentrale. Sosiologiske perspektiv og teoriar kring menneskelivet er ikkje område som enkelt kan avgrensast og definerast. Oftast tener teoriar på feltet til å bevisstgjere, kritisere og reflektere kring praksiskvardagen og kring overordna omgrep eller bakanforliggende mekanismar. Målet med forskning på dette feltet er altså ikkje nødvendigvis å finne eintydige svar, men å søkje auka forståing for komplekse fenomen og hendingar. Frå eit hermeneutisk perspektiv vil ein kunne hevde at det er karakteristisk for arbeid på dette området er at det til ei kvar tid er tufta på tolkingar. All kommunikasjon mellom menneske har minst ein mottakar og ein avsendar, der dei er prega av si verkelegheit. Slik er det også med studenten som i kraft av å vere menneske har si førforståing som pregar hans kunnskapssøking og tolking av ny kunnskap eller erfaring. Ei slik hermeneutisk «forståingstolking» har prega metoden min i arbeidet med denne oppgåva. Ein stadig rørsle frå delforståing, til heilskap og tilbake (eller vidare) har forhåpentleg gitt meg større forståing for fenomena og samhengane eg har fokusert på (Dalland 2020, s. 47-50).

Eit hermeneutisk perspektiv inneber altså ei fortolkande tilnærming. All forståing *bygger* på våre fordommar, eller vår førforståing, seier filosofen Gadamer. Han ser på fordommar som noko positivt i den forstand at *bevisstheit* om desse kan gi oss nye perspektiv og ny forståing (Brottveit, 2018, s. 40). Eg tenker det er spesielt viktig å vere merksam på korleis mine erfaringar (som fengselsbetjent og som menneske) pregar meg, kva førforståing og forventningar eg kanskje ubevisst tek med meg inn i lesinga, ergo tolkinga, av mitt eige praksisfelt.

### Litteratursøk og kjeldekritikk

I arbeidet med å finne relevant og seriøs litteratur starta eg med litteraturlistene til dei førre semestera på bachelorstudiet, og frå fengselsbetjentutdanninga. Her dukka det opp lærebøker kring grunnleggande prinsipp for Kriminalomsorgen, grunnbøker i psykologi og sosiologi samt ein del «klassiske» artiklar frå anerkjente forskarar både i inn- og utland, lovverk og rapportar. Eg merka meg spesielt Crewe sine bidrag om makt, Cecilie B. Neumann sitt bidrag om omsorg i fengsel og Goffman. Då eg tilnærma meg arbeidet og problemstillinga nokså famlande og ope, med vag problemstilling og vidt tema, brukte eg mykje tid på litteratursøk på nett. Her nytta eg hovudsakleg søkemotoren Google Scholar og har vore innom Idunn og Oria. Søkeord eg har nytta er til dømes *fengsel, prison, incarceration, omsorg, makt, power, soft power, fritid, fritidsaktivitet, aktivitet, leisure, kvinner, women*. Eg har også kombinert søkeorda på ulike vis; til dømes *leisure + activities + incarceration* eller *soft power + prison*. Undervegs har eg gjort

tilfeldige søk basert på assosiasjonar, det Dalland (2020, s. 151) kallar «gressing», noko som både har inspirert og avspora meg.

Eg har valt å støtte meg hovudsakleg på litteratur eg fann via studiet sin pensumlitteratur, og frå litteraturlister her. Eg har også nytta litteraturlistene til offentlege rapportar og litteraturlistene til artiklar eg har fått anbefalt frå veileidar og kollegaer. Dette kan vere ei svakheit ved oppgåva, men har gjort meg trygg på at litteraturen er anerkjent. Tidsavgrensinga på arbeidsperioden, og min avgrensa fagkompetanse har medført dette valet. Dalland (2020, s. 151) kallar denne metoden for snøballmetoden, og den har synt meg at fleire artiklar og bøker nyttar same kjelde, noko som igjen gir meg tillit til teksten. Eg har sett til utgivingsdatoar på litteraturen eg har nytta, og helde meg til norsk/nordisk og engelskspråklege tekstar. Dette for å avgrense, og for å sikre at litteraturen i alle fall til ei viss grad er relevant for norske tilhøve.

Tekstane eg nyttar høyrer alle til relativt høgt i kjeldehierarkiet (Dalland, 2020, s. 144). Dei er skrivne av anerkjente forskarar innafor kriminologi, filosofi, samfunnsvitskap og sosiologi. Elles har eg nytta offentlege publikasjonar og snl.no. Døma eg har nytta frå praksis er mine tolkingar av hendingar og einast lagt fram for å gjere refleksjonar tydelege.

## Struktur

Eg vil starte med å legge fram litteratur om kva fritid og fritidsaktivitetar er – kva fenomenet er i samfunnet og i fengselet. Deretter ser eg på fengselet sine rammer. Vidare legg eg fram teori kring omgrepa makt, kjønn og omsorg, før eg drøftar ulike perspektiv for å forstå dei opp mot fritid og fritidsaktivitetar i fengsel. Problemstillinga eg skal drøfte er «Kan teoriar om makt, kjønn og omsorg belyse fenomen kring fritidsaktivitetar blant kvinnelege innsette?» Forhåpentleg vil diskusjonen ende opp i nettopp auka forståing, bevisstheit og refleksjon rundt eigen profesjonsutøving (jamfør Dalland, 2013, s. 39).

## Teoriar

### Fritid

Retten til fritid er ein menneskerett. Retten til rimeleg tid utan arbeid eller andre samfunnsmessige plikter er beskrive i FN sine menneskerettar sin artikkel 24: «Alle har rett til kvile og fritid, og dermed til ei rimeleg avgrensa arbeidstid, og til ferie med løn» (FN-sambandet, 2020). Dette må ikkje tolkast som retten til latskap, men er ein av fleire rettar som har som mål å sikre menneske høve til full personleg eigenutvikling og å ivareta deira fysiske og psykiske helse (United Nations, u.å). Fritid vert ofte forstått som påskjøning for arbeid eller som naudsynt for å utføre meir arbeid, då historikarar og samfunnsvitarar tradisjonelt har vore

mest opptatt av å skildre meninga med *arbeid* i samfunnet. Men heilt sidan antikken har fritid vore sett på som spesielt verdifull sidan den kan nyttast til å «foredle og løfte mennesker i egne og andres øyne» (Kjølørød, 2021). Frønes (1978, s. 5) definerer fritid som tid ein kan disponere fritt. På fritida kan kvar og ein gjere det han verkeleg har lyst til og ikkje det plikter krev.

## Aktivitet

Aktivitetsvitskap er eit felt som fokuserer på korleis aktivitetar påverkar helse og velvære (Lindahl-Jacobsen & Jessen-Winge, 2017, s. 61). Slik eg forstår dette ser ein på aktivitetar som middel for å oppnå/behalde god helse og/eller velvære. Ein heil vitskap beskjeftigar seg altså med aktivitet som middel.

Aktivitetar kan delast i tre hovudområde: produktivitet, fritid og sjølvomsorg (Jonsson & Asaba, 2017, s. 51). Det er viktig med balanse mellom desse tre områda for å oppnå helse (Håkansson et al., 2017, s.120) -noko som ikkje treng handle om tidsbruk, men om personens individuelle behov og ressursar, samt *oppleving* av aktivitetar (Lindahl-Jacobsen & Jessen-Winge, 2017, s. 113-114). Ein i utgangspunktet meningsfull og positiv aktivitet kan få negative konsekvensar for den enkelte (s. 67-69). Dette heng saman med at all aktivitet må skje i ein kontekst som påverkar opplevinga.

I følge Kjølørød (2021) er både fritidsaktivitetar som krev aktiv deltaking og aktivitetar som berre krev ei mottakarrolle knytt eit lengre liv. Ho viser til psykoanalytikaren Donald Winnicott som såg på fritidsaktivitetar og lek som grunnleggande for mennesket sitt velvære:

(...) sport, kunst, hobbyer, humor, samtale og mest av alt fri lek kan befordre utviklingen av et autentisk selv, for når barn og voksne lar seg engasjere i åpen og selvvalgt aktivitet, erfarer de seg selv som spontane, til stede og levende. (Winnicott i Kjølørød, 2021)

Ho seier vidare at slike aktivitetar på eit vis er heva over kvardagslivet. Dei finn stad i eit friare rom med egne spelereglar som kan tillate kjensler og tankar ein vanlegvis held tilbake. Dette gir høve til å uttrykke, bearbeide eller utforske område som kjennest tyngande i det verkelege livet. Ho peikar også på at slik aktivitet har verdi i seg sjølv. Frønes (1978, s. 5) peikar sameleis på at ein fritidsaktivitet inneber valfridom, og skal vere eit mål i seg sjølv.

Lindahl-Jacobsen og Jessen-Winge (2017) skriv at endringar i ein person sin livssituasjon som medfører reduserte moglegheiter for meningsfulle aktivitetar har avgjerande betydning for helse og velværet til personen (s. 62). Å bli fengsla kan seiast å innebere ei slik endring.

## Fritid og fritidsaktivitetar i fengsel

«Kriminalomsorgen skal legge forholdene til rette for at de innsatte skal få tilbud om deltagelse i aktiviteter på fritiden.» (Straffegjennomføringsloven, 2001, § 21). På Kriminalomsorgen sine nettsider står det dessutan at Kriminalomsorgen har plikt til å tilrettelegge for fritidsaktivitetar, og at idrett, hobby, bibliotek og kulturtilbod finst i fengsel (Kriminalomsorgen, u.å). Tilboda skal slik eg forstår det vere eit *middel* for å unngå isolasjonsskadar og for å oppnå meistring, opplevingar og nye interesser for innsette. Altså i tråd med ei aktivitetsvitskapleg tilnærming. Fritidsaktivitetane kan gjennomførast så langt det er praktisk og sikkerheitsmessig forsvarleg.

Kjensla av tapt tid er omfattande for den innesperra. Difor, hevdar Goffman(1961/1967), vektlegg fangen

(...) frivillige, lystbetonede aktiviteter, som er tilstrækkelig krævende og interessante til at løfte deltageren op og ud av sig selv og midlertidigt få ham til at glemme sin øjeblikkelige situasjon. Hvis de sædvanlige aktiviteter i totale institusjoner kan siges at 'pine tiden ud', slår de her nævnte den nådigt i hjel. (Goffman, 1961/1967, s. 56)

Vidare seier Goffman (1961/1967, s. 57) at ein total institusjon kan betraktast som eit «dødt hav» der det finst små øyer av levande og fengande aktivitet som kan hjelpe den innsette psykisk til å motstå belastinga av angrepet på identiteten.

Hammerlin (2021) hevdar på same vis at det er i dei «ikkje-fengselsaktige arenaene», som skule, arbeid, kulturaktivitetar og sport ved straffeinstitusjonane at det er støtte å finne for dei fengsla: «Det er i og gjennom disse virksomhetene og i nære relasjoner til betjenter, medfanger og andre som den enkelte får muligheter til å styrke sin sosiale identitet, væremåte og personlige integritet.» (s. 418). I følge Lundeberg og Mjåland (2012, s. 9) omtalar også Ugelvik dagdraumar, leik og sport som ei verkelegheitsflukt som bidreg til å gjere tilværet mindre monotont for fangane samstundes som det gir dei utvida identitet.

Rouleau (2020, s.1) hevdar i ein metaanalyse av vestlege<sup>1</sup> studiar om fritidsaktivitetar blant fengsla kvinner, at fritidsaktivitetar i fengsel vert gjennomført for å oppretthalde kontroll og styre kvinnene inn på den smale sti. Han seier at sjølv om fritid generelt er sett på som noko som bidreg til velvære, er ikkje fritid upåverka av mindre hyggelege sosiale prosessar. Fritidsaktivitetar i fengsel må nemleg forståast på bakgrunn av rammene dei utspelar seg innom,

---

<sup>1</sup>Internasjonale studiar publisert på engelsk eller fransk. Hovudvekt på vestlege land; Europa, Nord-Amerika og Australia. Ein kinesisk studie inkludert.



og som *middel* for fengselet sine repressive og normative mål. Han knyter fritidsaktivitetar i fengsel til redusert tvang, men til auka krav om normalitet.

### Fengselskonteksten

Kriminalomsorgen er styrt av mål, ideologi, verdiar og innhaldskrav. Dette finn me nedfelt i blant anna Lov om straffegjennomføring (2001), stortingsmeldingar, Kriminalomsorgen sine strategiar og visjonar. Eit humanistisk verdigrunnlag skal ligge til grunn for straffegjennomføring i Norge:

Mennesker er likeverdige, har egenverdi og er i stand til å forandre seg. Samtidig har den enkelte rett til å ta egne valg og er ansvarlig for konsekvensene av de valgene som tas. Den domfelte skal i straffegjennomføringen anses som en aktør i sitt eget liv. (Meld. St. 39 (2020-2021), s. 5)

Kriminalomsorgen skal vidare ta omsyn til fleire prinsipp, til dømes rettighetsprinsippet, normalitetsprinsippet, likebehandlingsprinsippet og prinsippet om progresjon i straffegjennomføringa (Meld.St.39 (2020-2021), s. 14-15).

Det overordna målet til Kriminalomsorgen er å syte for sikkerheita til samfunnet (Straffegjennomføringsloven, 2001, § 2). Kriminalomsorgen deler sikkerheit i statisk, organisatorisk og dynamisk sikkerheit. Dynamisk sikkerheit er definert som «mellommenneskelige relasjonar og systematiske former for samhandling mellom innsatte, domfelte og tilsatte (...) Eksempler på dette er tilstedeværelse i fellesskap, kontaktbetjentarbeid, fritidsaktiviteter, arbeid og programvirksomhet» (KSF, 2006, s. 5). Reiskapen Kriminalomsorgen har i dynamisk sikkerheitsarbeid er altså menneske, til dømes fengselsbetjenten, som gjennom å bygge relasjonar til innsette får kunnskap som kan avdekke risiko. Rehabiliteringsarbeid knytt til Kriminalomsorgen sitt mål om å førebygge kriminalitet kan også sjåast på som viktig for samfunnet sin tryggleik, då ein rehabilitert person er meir trygg for samfunnet enn ein sint «avvikar». Samstundes er det positivt for den enkelte innsette å utvikle og styrkje personlege evner til å handtere livet. Kriminalomsorgen kan altså styrke sikkerheita i samfunnet gjennom å styrke den enkelte innsette.

Yngve Hammerlin (2021, s. 403) peikar på spenninga mellom å skulle straffe, og likevel yte omsorg og rehabilitering. Han deler desse krava inn i to ideologiske prinsipp: straffeideologiske prinsipp og rehabiliterings- og omsorgsideologiske prinsipp. Han seier prinsippa ofte vert framstilt som likeverdige, men at historia viser det er sikkerheita som er overordna.

Rehabiliterings- og omsorgstiltak vert svekka dersom sikkerheita er under press (Hammerlin, 2015, s. 132). Han peikar også på at økonomiske rammer og effektivitetskrav påverkar praksisfeltet i stor grad. I så stor grad at det kanskje kan sjåast på som eit eige prinsipp som tilfører ytterlegare spenning mellom «ideologier, menneskesyn, etikker, kravstrukturer, målsettinger og praksisformer i fangebehandlingen.» (s. 132).

Erving Goffman (1961/1967) peikar på destruktive sider ved institusjonar der «(...) individer sammen fører en indelukket, formelt administreret tilværelse, afskåret fra samfundet udenfor i en længere periode.» (s. 9). Eit særtrekk ved ein slik totalinstitusjon er i følge Goffman mangelen på arenaer. Her utspelar heile livet seg på *ein* arena, til forskjell frå i samfunnet der arbeid, fritid og søvn skjer på ulike stader, blant ulike personar, på tilfeldige tidspunkt og med ulike mål. I totalinstitusjonen er det institusjonen sine mål som styrer kvar, korleis og blant kven kvardagslivet skal gå føre seg. Samstundes medfører mangelen på arenaer stor gjennomsløkking. Dette får også konsekvensar for sjølvbiletet/identiteten til den innsette (Goffman 1961/1967 s. 13-19). Slik eg forstår det kan til dømes ei handling utført på fritida bli kjent blant både innsette, tilsette og leiing og få konsekvensar for heile kvardagen, og for den enkelte si sjølvoppfatning.

Gresham M. Sykes (1958/2007) skildrar noko av i det same i sin studie «The society of captives». Han peikar på tap fengslinga medfører; tap av friedom, tap av goder og tenester, tap av heteroseksuelle relasjonar, tap av autonomi og av tryggleik (Sykes, 1958/2007, s. 63-83). Desse tapa medfører smerte; det han kallar «pains of imprisonment». Sykes hevda at moderne fengsel ofte vert definert som eit humant alternativ til den fysiske brutaliteten frå tidlegare tider, men at den psykiske belastninga ikkje er mindre smertefull for den det rammar. Sykes oppfattar desse negative følgene av fengsling som ibuande systemet, som angrep på psyken og at dei utgjør alvorlege truslar mot den innsette sin personlegdom eller sjølvbilde (s. 64). Han hevdar altså at tap av identitet er ei viktig årsak til «the pains of imprisonment» og fokuserer vidare på fangane sin motstand mot denne makta.

At smerter/liding er til stades i fengsel syner også forsking på innsettbefolkninga. Innsette, både menn og kvinner, har ofte vanskelege bakgrunnar og opphoping av sosiale problem. I følge ei levekårsundersøking blant innsette i Norge (Revolv, 2015, s. 4) har til dømes 40 prosent opplevd mishandling, heile 66 prosent har ungdomsskule som høgaste utdanning og berre 36 prosent var i arbeid ved fengsling. Innsette vurderer helsa si som dårleg, dei fleste har ein kronisk sjukdom eller liding og har brukt narkotika. Innsette manglar i større grad enn resten

av befolkninga nære venner/familie som kan støtte dei og dei har mindre tillit til medmenneska sine. Kvinner i fengsel stiller i følgje statistikken enno svakare enn menn (Hellebust et. al, 2021, s. 7). Fleire kvinner enn menn har opplevd ustabile tilhøve i oppveksten. Det kan vere rusmisbruk, vald og seksuelle overgrep som kan gi traume, skuld- og skamkjensle. Kvinner har også høgare førekomst av psykiske lidingar som angst, depresjon, adhd og personlegdomsforstyrning. Dei er «(...) en av de mest utsatte og marginaliserte gruppene i det norske samfunnet» (Hellebust et. al, 2021, s. 7). Her er det viktig å ikkje dra konklusjonar frå gruppe- til individnivå, men dersom mange ressursvake menneske med betydelege både sosiale og psykiske problem møtest, vil dette sannsynlegvis påverke fengselskvardagen og samspelet der.

Siv Hjellnes (2006, s. 123) skriv at arbeid i ein total institusjon ikkje har same tyding som i samfunnet, der arbeidet ofte er motivert av mål om å forsørge seg og familien. I fengsel har det ikkje denne funksjonen, men innsette som ikkje syner arbeidsmoral vert ofte oppfatta som late. Arbeidsskyheit i fengsel vert ofte forklart med individet sine eigenskapar -og tek ikkje omsyn til fengselskonteksten.

Lundeberg (2020) skriv at det er store forskjellar i korleis fangar opplever soning, og knytter dette til dei ulike sikkerheitsnivåa i norsk kriminalomsorg. Fangar er meir nøgde med soning på små einingar med lågare sikkerheitsnivå:

(...) kombinasjonen av materielle forhold, et aktivitetstilbud med vekt på fysisk aktivitet, kompetansegivende arbeidstrening, stor grad av frihet, åpenhet til omverden, oppfølging av rusproblem, et terapeutisk klima, tillitsfulle relasjoner til ansatte (tett og dypt), rekruttering av fanger som er motivert for endring og har mulighet for medvirking i soningshverdag, er svært viktig for å skape tilfredshet (...). (Lundeberg, 2020, s. 220)

Uansett sikkerheitsnivå er fengsel ein spesiell kontekst. Straffetaten legg alle føringar, mens ansvaret for eiga utvikling er gitt til den fengsla som skal «ta egne valg og er ansvarlig for konsekvensene av de valgene som tas» (Meld. St. 39 (2020-2021), s. 5).

### Makt og motstand

Makt er eit omgrep som kan romme alt frå fysisk tvang til tillit mellom menneske. I den norske maktutgreinga (1972-82) leia av sosiologen Gudmund Hernes beskriv han makt som evna me har til å realisere egne interesser, og makt vert nytta for å oppnå mål ein har sett seg (Rappana Olsen et. al., 2018, s.108).

Michel Foucault sine maktomgrep er utgangspunktet for mykje moderne fengselsforskning. I følgje Iver B. Neumann (2002) forstår (den seine) Foucault makt som noko som inngår i ein kvar relasjon. Neumann seier Foucault søker å forstå dei ulike relasjonsformene og deler dei i tre hovudformer: *dominans*, *strategi* og *regjering*. Ein relasjon der det ikkje er tvil om kven som herskar kallar Foucault «dominans» (Neumann, 2002, s. 8-12). Eit døme kan kanskje vere staten som pålegg borgarane lover. Borgarane kan yte motstand men rokkar likevel ikkje ved maktbalansen. Sjølv om den enkelte bryt lova er det framleis staten som styrer. *Dominans* skal (kan) i følgje Neumann difor forståast på eit anna nivå enn i direkte samhandling (Neumann, 2002, s. 14).

*Strategi* vert definert som eit spel mellom viljar. Her er maktrelasjonen ikkje fastsett, og det skjer ei kontinuerleg forhandling om kven som skal bestemme. Dette hender i sosialt samspel (Neumann, 2002, s. 12-13).

I følgje Neumann (2002, s.14) plasserer Foucault *regjering* mellom dominans og strategi, som ei slags indirekte styring i relasjonen mellom overordna nivå og individet. Det er det han kallar «styringen av individet ved hjelp av deres egen sannhet». Slik eg forstår omgrepet handlar det om at den styrande makta, gjennom å gi «valfridom» til individet styrer ved at individet vel det makta vil. Eg forstår det svært forenkla gjennom fabelen om «Sola og Nordavinden»: Dei to kjempa om å få frakken av mannen som gjekk på vegen. Nordavinden blæs men då held mannen meir og meir fast på frakken. Sola varma og fekk mannen til å gjere som ho ville, ved å få mannen til å vilje det sjølv; han tok av seg frakken sjølv. Knytt til regjeringsomgrepet ser eg at mannen er påverka av sola, det veit han også, men hans eige behov fell saman med sola sin vilje, nettopp på grunn av påverknaden frå sola. Sola og mannen står slik eg ser det i ein regjeringsmaktrelasjon.

Bildet Foucault i følgje Neumann (2002, s. 15-16) nytta på vegen fram mot definisjonen av regjeringsomgrepet er hyrden og flokken: Hyrden si plikt er å leie flokken trygt til frelsa. Det inneber at hyrden har ansvar, og må kjenne og forstå tankane og handlingane til kvart einaste individ i flokken (s. 16). Slik eg forstår det er hyrdebiletet interessant då det m.a. inneber ein *god intensjon* ved maktbruken: frelse. Intendert makt treng altså ikkje vere undertrykkande makt.

Slik eg forstår Sykes (1958/2007, s. 40-62) ser han fangane sitt høve til motstand mot makt som avgjerande for å oppretthalde ro og kontroll i fengselet. Aktivitetane i fengselskvardagen krev samarbeid frå innsette, ein kan ikkje med fysisk makt tvinge dei til å til dømes vaske eller koke.

Difor vert «sterke personlegheiter» blant innsette avgjerande for skape samhald og samarbeidsvilje i innsettgruppa. For at innsette skal spele på lag med fengselet får dei ei viss makt til gjengjeld; dei kan sleppe unna med brot på reglar og oppnå privilegium som «takk» for samarbeid. Dette bygger dei (ny) identitet og autonomi kring. Dei får eit visst spelerom til å styre og bevare sosial kontroll i innsettmiljøet, og utan dette spelerommet ville opprør blitt resultatet. Betjentane er altså avhengige av at fangane har ei viss makt i styringa av fengselskvardagen. Sykes (1958/2007, s. 62) forstår dette som strukturelle defektar i fengselets maktsystem og ikkje grunna i individuelle eigenskapar blant tilsette eller innsette.

Ben Crewe (2011, s. 509) utforskar Sykes fengselssmerter, og finn mellom mykje anna smerter som ei følge av psykologisk evaluering/vurdering av innsette: Alt du som innsett seier og gjer kan bli feil oppfatta, eller oppfatta slik systemet vil. Innsette vert fortalt dei må vere ærlege, men dersom dei er det - og til dømes avslører usikkerheit - kan det slå negativt ut: «I felt nervous when I was assessed – [then] they said I had ‘paranoid tendencies’» (Crewe, 2011 s. 516). Om du tilpassar deg kan du bli oppfatta som ein «pleaser», og om du protesterer er du i fornektning. Fangane føler slik at deira personlege problem vert mata inn i institusjonens maskineri, og kjem ut att som risiko. (Crewe, 2011, s. 517-18). For å komme utanom dette seier innsette at dei må skape seg ein «avatar» som passar inn i systemet sine kategoriar.

Crewe (2011) vektlegg også smerter ved ansvarleggjering av innsette. Sidan innsette skal behandlast som autonome menneske vert dei sjølv haldne ansvarlege for vala dei tek. Dette inneber at enkel lydighet og underdanighet ikkje er nok, men dei må styre seg sjølv inn på den smale sti og syne «konstruktivt engasjement» (s. 519-20). Crewe seier at fengsling slik er blitt «lettare men tettare» i det at smerta er mindre synleg og tung utad, men makta er tettare inn på sjela til individet (s. 524).

I forlenginga av Sykes finn me også ei betydeleg grein av norsk fengselsforskning. Thomas Mathiesen gjennomførte ein studie i 1965 der han undersøkte innsette sin motstand. I følge Lundeberg og Mjåland (2012, s. 6) fann Mathiesen at innsette i stor grad stilte seg kritiske til fengselssystemet, men at dei ikkje samla seg til eit felles opprør. Makttypen dei fengsla først og fremst protesterte mot var tilsette si fordeling av løn og straff. Mathiesen såg på kva konkrete grep innsette nytta for å oppnå fordelar i dette privilegiesystemet (Lundeberg & Mjåland, 2012, s. 10). Fangane retta moralske, sosialt aksepterte bebreidingar mot tilsette. Ifølge Lundeberg og Mjåland (2012, s. 7) beskriv Mathiesen at semje mellom innsette og fengselstilsette om

verdien av likebehandling, kunne medføre ei slags allianse dei imellom, og til ei viss grad viske ut statusforskjellar.

Gjennom å sjå på Ugelvik sin liknande studie frå 2010 hevdar Lundeberg og Mjåland (2012, s. 4) at Ugelvik grunnlegg motstand hovudsakleg med identitetsbygging. Fangane bygger seg ein identitet utover det å vere fange (Lundeberg og Mjåland, 2012, s. 8). Som Mathiesen ser Ugelvik at innsette «moraliserer» overfor betjentar, men også at dei søker å gjere til dømes mat og interiør meir personleg for å skilje seg ut frå mengda. Innsette gjer dessutan motstand ved å nekte å samarbeide på ulike vis. Lundeberg og Mjåland (2012, s. 17) skriv at motstanden Ugelvik skildrar kan (ved hjelp av Foucault) forståast som intendert av systemet. Når fangane uttrykkjer motstand, gjennomfører små sabotasjar - ofte i det skjulte - og føler seg dyktige, smarte og moralske, vert dei rolegare. At dei slik opplever eit frirom til å uttrykke eigen identitet, er igjen fruktbart for systemet og kanskje noko av det som hindrar eit felles opprør. Det Sykes (1958/2007, s. 62), kallar defektar i systemet ser Lundeberg og Mjåland altså på som intendert regjeringsmakt som syter for at systemet si eigentlege/viktige makt vert oppretthalde.

Liebling et al. (1999, s. 81-83) finn at det fengselsbetjentar oppfattar som sine beste dagar på jobb, er mellom anna ein dag utan konflikter og uheldige hendingar. For å oppnå dette underkommuniserer betjentar ofte makta si, heller enn å syne den fram. Slik verkar makta meir effektivt, fordi den ikkje skapar motstand i same grad som tvangsmakt.

### Kjønn og kvinner i fengsel

Crassati et al. (2015) hevdar at fengsla kvinner med personlegdomsforstyrningar ønskjer og treng litt andre tilnærmingar enn menn. Dei ønskjer relasjonell og konsistent støtte frå tilsette og samanheng i tilbodet i staden for separate tiltak: «Women want services and therapies to be linked rather than regarded as only separate, independent interventions» (s. 111).

«(...) en sentral representasjon av kategorien kvinne, den tradisjonelle, var og er beheftet med forestillinger om empati, nærhet, relasjonelitet, høy moral og ren seksualitet» seier Neumann og Snertingdal (2020, s. 179), og vidare at kategorien kvinne helst vert forstått som offer. Slike eigenskapar høver ikkje saman med kategorien «fange», som ber i seg idear om handlekraft, hypermaskulinitet, vald, spenning, låg sjølvkontroll og raske pengar. Dei syner i sin artikkel til at desse grunnleggande ideane om kva ei kvinne er, har stor betydning for korleis fengsla kvinner vert oppfatta, og for kva maktpress dei vert påført.

Bosworth (1996) utforskar korleis makt vert forhandla i kvinnefengsel i Storbritannia. Ho analyserer korleis kvinnene forhandlar og prøver å motstå kontrollregimet. Bosworth (1996, s. 13) oppfattar at kvinner uttrykkjer motstand mot fengselssystemet ved å syne fram identiteten sin. Både kjønn, etnisitet og t.d. religion vert viktig for kvinnene. I stramme rammer har dei berre sitt eige sjølvbiletet å spele på for å oppnå makt, og få innvilga ønskjer.

Ho hevdar vidare å finne at dei prøver å stå fram som aktive, handlekraftige og fornuftige menneske med kontroll over liva sine. Dette sjølvbiletet vert imidlertid undertrykt av fengselet, då det søker å rehabilitere kvinner inn i passiv, tradisjonelt feminin framferd. Den tradisjonelle kvinneverolla, der kvinna først og fremst vert oppfatta som mor, dotter eller ektefelle tek fengselet samstundes frå kvinnene. Dei kan ikkje oppretthalde eller oppnå ein slik identitet så lenge dei er låst inne og fråtekne relasjonar til born, foreldre eller ektemann. Fengselet prøver å rehabilitere kvinner/gi dei ny identitet ved å ta frå dei handlekraft, behandle dei som barn og «temme» dei (Bosworth, 1996, s. 10). Dette kan bety at institusjonen sitt krav om «kvinnelegheit» vert nytta for å legitimere straff. Enklare sagt: Kvinner som ikkje oppfyller det tradisjonelle kjønnsrollemønsteret vert sett på som avvikarar som må disiplineras/reguleras. Det inneber at kjønn kan vere avgjerande for reaksjonar på framferd og regelbrot i fengsel. Fengselet reflekterer såleis ikkje berre samfunnet si forståing av kvinnekjønn – men forsterkar og vidarefører bestemte idear om kvinner (Bosworth & Kaufman, 2012, s. 189).

Bosworth og Carrabine (2001) seier at konvensjonell forståing av «motstand» inneber at motstand vert sett på som ei «privilegert» kraft. At berre privilegerte orkar å yte motstand. Vidare at den som ikkje syner motstand aksepterer - den som tier samtykker – og dessutan at motstand er å forstå som ei «politisk» handling; dvs. at det er mot *systemet* ein opponerer og ikkje mot personar. Ved å stille spørsmål til desse oppfatningane finn Bosworth og Carrabine at den innsette sine strategiar slett ikkje berre treng handle om forsøk på å undergrave straffemakta (s. 506).

## Omsorg

Omsorg som omgrep vert oftast oppfatta som noko positivt. Omsorg kan vere privat som mellom partnarar eller mellom mor og barn. Men omsorg kan også bli ytt frå staten via profesjonelle omsorgsarbeidarar. Cecilie B. Neumann (2018, s. 186-87) tek utgangspunkt i det Wærness kallar omsorgsarbeid. Det er den profesjonelle omsorga der den eine parten er avhengig av omsorg frå ein annan. Wærness forstår i følgje Neumann (2018) omsorg som både

aktivitet og kjensle. Ein omsorgsfull aktivitet inneber ikkje berre ei konkret handling, men også at utøvaren gjennomfører handlinga på ein måte som involverer gode kjensler frå utøvaren.

Neumann (2020, s. 100) meiner det er djupt urimeleg å stille krav om kjensleinvolvering til den som arbeider med omsorg. Ho seier at omsorg handlar om å møte den andre sine behov, vere tilgjengeleg og til stades. Korleis omsorgsarbeidet vert utført, det Neumann kallar «omsorgens etiske side» (s. 187) – som ho også anerkjenner som viktig - handlar slik eg forstår det om korleis ein møter den andre, korleis ein ter seg. Å lytte og prøve forstå den andre, treng likevel ikkje innebere *kjensler*, men kan vere ein måte å ta ansvar for dei (omsorgs)oppgåvene ein skal løyse. Ei praktisk handling som å prioritere å skrive eit vedlegg innan fristen kan vere like mykje omsorg som ei kjensle i menneskemøtet.

Neumann (2018, s. 187) støttar seg vidare på Mol og seier at god omsorg krev samarbeid mellom givar og mottakar. Brukarmedverknad og autonomi er altså viktig i omsorgssamarbeidet noko som kan by på utfordringar i sosialt arbeid der maktasymmetrien er stor. Intensjonen bak omsorgshandlinga er ikkje einaste avgjerande faktor for om det er god omsorg, men også opplevinga til mottakaren (Neumann, 2018, s. 186-189).

Profesjonelt omsorgsarbeid inneber også ein kontekst. Desse rammene vil nødvendigvis påverke kva omsorgsarbeid som skal/kan utførast -og korleis. Institusjonen eller rolla som profesjonell omsorgsarbeidar inneber såleis makt (Neumann, 2018, s.189-191). Neumann hevdar at omsorg kan utøvast på mellommenneskeleg plan også i fengsel, sjølv om tvangsmakt er ibuande i Kriminalomsorgen som har straff og rehabilitering som mål (Neumann, 2020 s. 101).

Yngve Hammerlin (2015) hevdar at omgrepet *omsorg* i Kriminalomsorgen like gjerne kan oppfattast som ein eufemisme som prøver å tilsløre etatens eigentlege verksemd. Han argumenterer for at Kriminalomsorgen er dominert av straffeideologien og at omsorgstiltaka i fengsel er «(...) så metodisk tilskåret, systembundet, genererte og standardiserte at den enkelte reduseres til å bli et umyndiggjort objekt for opplegg.» (s. 135).

## Drøfting

Det kan synast som eit paradoks at fritid kan finnast i fengsel der menneska per definisjon er ufrie. I fengsel er tida teken frå deg -den må nyttast til soning. Dersom ein forstår omgrepet som eit mål i seg sjølv, og som hundre prosent lystbetont velvære og valfridom er det enno meir vanskeleg å tenkje seg dette i fengsel. Fritid i fengsel er likevel noko, og hovudsakleg vert det



sett på som noko positivt. Mi erfaring er at fritidsaktivitetar i fengsel vert sett på som privilegium. Dette stadfestar også Straffegjennomføringsloven, 2001, § 40d som nemner utestenging frå fritidsaktivitetar som reaksjon ved brot på reglar for ro, orden og disiplin. Sjølv om fritid er ein menneskerett betyr altså ikkje det at fritidsaktivitetar er det.

Fritid kan bidra til betra helse, eigenutvikling, identitet og ha velvære for den enkelte som mål. Dette vil også vere positivt for arbeidskapasiteten til individet og såleis for produksjonen og staten sine mål (jamfør Kjølørød, 2021; Håkansson et al., 2017, s. 120). I fengsel som ein totalinstitusjon er kanskje skiljet mellom arbeid og fritid i stor grad utviska sidan rehabilitering er målet døgnet rundt. Det er mogeleg dette påverkar kva innhald fritida får, og korleis fritid i fengsel vert forstått av etaten og opplevd av innsette. På same måte som arbeid i fengsel ikkje er motivert av å forsørge seg (Hjellnes, 2006, s.123), er det ikkje sikkert fritida vert opplevd eller forstått som positiv og tid fri frå kvardag og arbeid. Dette peikar Rouleau (2020, s. 5) på. Han hevdar at positive konsekvensar av fritid i fengsel berre er ein biverknad av at fengsel tilbyr fritidsaktivitetar for å oppnå sikkerheit og produksjon av normalitet.

I fengsel med høgare sikkerheitsnivå kan «fritid» assosierast med fritidsleiar som arrangerer ulike aktivitetar i fellesskapa. Det kan vere sjakkturnering eller stafettløp, konsertar eller julemiddagsunderhaldning. Andre fellesaktivitetar kan vere gudsteneste, trening, brettspel og liknande sosialt samvær i fellesskapsavdelingane, tv-titting, lesing, musikk, småprat, røyking, lufting osv. På cellene er det til ei viss grad også høve til enkle fritidsaktivitetar.

Det er imidlertid fritidsaktivitetar på lågare sikkerheit eg hovudsakleg har i tankane gjennom denne drøftinga. Her er høvet til aktivitet større, tilliten større og kanskje også maktmotstanden syner seg tydelegare og får andre konsekvensar enn på lukka. Aktivitetane kan her i tillegg gå føre seg utanfor fengselet, ved til dømes framstillingar der betjentar tek med seg ei gruppe innsette på fjelltur, kino og liknande. I kvardagen kan innsette på lågare sikkerheitsnivå i stor grad kan styre ettermiddagstida si, sjølv organisere og velje aktivitetar. Det er også verd å nemne at på opne avdelingar sonar innsette som «fungerer» relativt bra sosialt. Her er altså ikkje institusjonen like fysisk «totalitær» som på lukka avdelingar. Arenaen er like fullt gjennomsiiktig og «overvakinga av sjela» kanskje til og med viktigare for etaten her. Sidan den statiske sikkerheita er tona ned, er det dynamisk sikkerheit ein vektlegg. Kjennskap til dei innsette si framferd og «fungering» vert oppnådd gjennom relasjonar og samhandling, så fritidsarenaen har kanskje meir å seie meir ved (risiko)vurderingar av innsette på ein open avdeling.

På ein open avdeling er dessutan ein viktig del av betjenten sin jobb å syte for eit godt miljø i fellesskapet. I det sosiale (sam)spelet som går føre seg på open avdeling, verkar personlege eigenskapar, maktforhold, reglar og rutinar, målkrav, individuelle behov, rolleforståing og motstandsstrategiar saman. Som i alt sosialt samspel.

### Kan fritidsaktivitetar blant fengsla kvinner forståast som omsorg?

Omsorg i fengsel er kanskje lettast å få auge på om ein knyter det opp mot miljøarbeid. Målretta miljøarbeid, rehabilitering og dynamisk sikkerheit kan som nemnt oppretthaldast gjennom den same aktiviteten: Samhandling og tillit mellom innsette og tilsette i fengsel kan gi relasjonar som verkar konfliktdempande, omsorgsfulle og tryggande.

Her kan enkeltstående handlingar forståast som omsorg frå ein fengselsbetjent ovanfor ein innsett. Det som Neumann (1999/2020, s. III) peikar på i slike tilfelle, er at omsorgshandlinga ofte må bryte med reglar og rutinar. Det ho observerte i sin studie var at innsette fekk noko dei ikkje hadde rett på; for eksempel ekstra ringetid, luft, mat eller røyk. Slik eg forstår dette hevdar ho at omsorgshandlingar kan foregå innanfor fengselskonteksten, på mellommenneskeleg nivå: Ei handling er meint som omsorg, vert utført på ein omsorgsfull måte og vert opplevd som omsorg.

Sykes (1958/2007, s. 54) omtalar derimot slike regelbrot som manglar i maktstrukturen. Sidan betjenten manglar middel for å få innsette til å samarbeide, er han villig til å bryte fengselet sine reglar for å oppnå samarbeid. Sykes ser dette som handlingar som «smør maskineriet» og som gjer kvardagen handterbar. Noko Liebling et.al (1999, s. 82) ville kalla «peacekeeping».

At ei handling er meint omsorgsfullt kan ein vanskeleg argumentere mot. Ein betjent kan til dømes nekte ein krevjande innsett å delta på ein fritidsaktivitet av omsorg for fellesskapet eller enkeltpersonar. Betjenten kan også av omsorg legge til rette for aktivitetar for innsette med spesielle behov eller vektlegge innsette sine ønskjer og brukarmedverknad i aktivitetar. Betjenten kan forstå trygge rammer og sunne rutinar i seg sjølv som omsorg, basert på til dømes teoriar om aktivitetsbalanse (Håkansson et.al, 2017, s. 125-126). Sameleis er det ikkje sikkert at det vert opplevd utelukkande negativt å bli møtt med rammer, krav og plikter. Nokon innsette får betre tilgang til fritidsaktivitetar i fengsel enn utanfor, og opplever kanskje tilbodet i seg sjølv som omtenksomt.

Desse døma kan slik eg ser det ha med omsorg å gjere. Det handlingsrommet ein har til å velje uttrykk, det Neumann (2018 s. 187) kallar «omsorgens etiske side», kan ha noko å sei for kor

vidt innsette kjenner seg ivaretatt. Slik eg forstår Neumann meiner ho at det går an å befinne seg i ein maktkontekst, men likevel ha fokus på å yte omsorg. Eit omsorgsfullt menneskemøte er dessutan mogeleg, sjølv om ein velmeinande betjent ikkje automatisk gir oppleving av omsorg hjå mottakar.

På lågare sikkerheitsnivå er maktasymmetrien mindre påfallande og betjentar har eit vidare skjønntil rådvelde enn på høgare sikkerheitsnivå. Kanskje difor vert betjenten gjort personleg ansvarleg for avgjerder på ein meir utfordrande måte frå innsette. Det som foregår, under ein fritidsaktivitet på open avdeling, er rett og slett sosialt samspel innanfor dei spesielle fengselsrammene. Det kan hende betjentar vektlegg å tone ned maktrolla si (jamfør Liebling, 1999, s. 82) og gir innsette høve til å styre og ta ansvar sjølv. Dette er i tråd med både normalitetsprinsipp, rettighetsprinsipp og humanistiske prinsipp. Likevel kan motstanden opplevast sterk, og kanskje har det med rehabiliteringsmål og ansvarsforskyving å gjere (jamfør Crewe, 2011, s. 519-520). Det er fengselsbetjenten som har ansvar for å hjelpe innsette til å fungere betre i samfunnet etter soning, men det er den autonome innsette som har ansvaret for eiga utvikling. Om betjenten ønskjer å gi innsette ei god oppleving og denne aktiviteten vert møtt med motvilje, kan det oppfattast som motstand mot systemet, lite endringsvilje/eigenskapar hjå individet, eller også som motstand mot betjenten personleg.

Motstanden kan også handle om at innsette faktisk vågar å uttrykke motstanden i dette meir tillitsbaserte regimet. At dei faktisk ser på seg sjølv som aktive, handlande og meir likeverdige. Kanskje er motstanden meir synleg for betjenten, fordi den på lågare sikkerheitsnivå ikkje i like stor grad vert uttrykt i det skjulte på symbolske vis (jamfør Ugelvik i Lundeborg og Mjåland, 2012, s. 8).

Samstundes kan ein som betjent oppleve ei slags omsorg frå innsette i ei «fritidssetting». Dersom aktiviteten er noko betjenten ikkje meistrar spesielt godt kan han oppleve å bli tatt vare på, rettleidd og oppmuntra av innsette som er meir erfarne. Det er ikkje sikkert at intensjonen med slik åtferd er omsorg, det kan også til dømes vere ein identitetsmarkør (Bosworth, 1996, s. 16). Uansett kan dette røre ved maktbalansen i relasjonen, og kanskje styrke den, dersom ein vert meir likestilt. Det same er tilfelle mellom innsette. Ofte oppmuntrar dei kvarandre i fritidsaktivitetar, rosar og hjelper kvarandre. «Erfarne» innsette tek ofte på seg omsorgsrolla ovanfor yngre eller nykommarar, og rettleier dei både i aktivitetar og i fengselskvardagen generelt.

På overordna nivå er det vanskelegare å fastslå at omsorg er intendert. Kriminalomsorg er namnet på straffegjennomføringsetaten vår. Bruken av dette namnet kan oppfattast som eit viktig symbol på verdigrunnlaget i etaten. Ein kan forstå bruken av omgrepet som eit forsøk på å peike på omsorgs-ideologi som overordna viktig for verksemda og å på å kommunisere dette ut til samfunnet. Dette er som nemnt Hammerlin (2015, s. 134-135) kritisk til, og hevdar tvert om at det kan vere eit forsøk på å skjule makt.

Ein kan kanskje sjå på mantraet om «ro, orden og sikkerhet» som grunnlegg med omsorg; Kriminalomsorgen vektlegg innsette sin tryggleik i stor grad, og fleire lovparagrafar omhandlar dette. Til og med det å legge innsette i reimer kan jo forklarast som omsorg. At fritidsaktivitetar er lovpålagte kan ein også oppfatte som omsorg frå overordna nivå, men, som nemnt, like tidleg som eit verktøy for endringsarbeid og sikkerheit.

Lokale regelverk kan oppfattast som overordna føringar for arbeidet som skal utførast. Eg har erfaring frå eit ope fengsel der både kvinner og menn sona. Der kunne kvinner og menn tilbringe fritida saman -i tråd med normalitetsprinsippet. Når sommaren nærma seg var påkledning på fritida eit fast tema til frustrasjon for både innsette og tilsette. Fengselet la fram reglar om kor mykje hud som burde dekkast til når ein oppheld seg i fellesområda. Dette kan forståast som innføring av folkeskikk: På offentlege gater kler ein seg annleis enn på stranda, akkurat som ein tar lua av ved matbordet. Slik eg forstod det vart reglane imidlertid også innført av omsorg for spesielt kvinnene. Fengselet prøvde å hjelpe dei til å unngå ubehagelege situasjonar som følgje av oppildna menn. Dette stadfestar kanskje den nemnde oppfatninga av kvinner som offer og fengselet sitt ønskje om å rehabilitere kvinner til «høg moral og rein seksualitet» (Neumann & Snertingdal, 2020, s. 179). Klesreglane møtte i alle år sterk motstand frå innsette og brot på reglane førekom hyppig. Nokon kvinner nytta naken hud for å oppnå status og makt i fangemiljøet og det kan gjennom Bosworth (1996, s. 13) forståast som motstand uttrykt ved (kjønns)identitet. Dette kan vere kvinner som ønskjer å vere aktive og handlekraftige - men som vert møtt med at dei ikkje forstår sitt eige beste. Det syner «det problematiske ved å koble et aktivt subjekt, en velgende kvinne, til en offerposisjon, hvor kvinnen (...) blir forstått som en som tilhører en marginalisert posisjon, og følgelig sees på som et offer» (Neumann & Snertingdal, 2020, s. 186). Påkledningsreglane kan vere eksempel på at fengselet legitimerer eiga makt ved å oppfatte kvinner som born eller som avvikarar som må temmast (Bosworth, 1996, s. 13). Om ein ser det slik, og i tillegg noterer seg at ingen innsette kvinner vart tatt med på råd då reglane vart utforma, kan det vanskeleg oppfattast som omsorg dersom omsorg krev

samarbeid og brukarmedverknad (Neumann, 2018, s. 188-189). Eg veit likevel at mange kvinner, og menn, var glade for reglane og *opplevde* dei som omsorgsfulle.

Me har sett at noko som har med omsorg å gjere kan førekomme på fritidsarenaen blant fengsla kvinner. Blant innsette og begge vegar mellom betjent og innsett. Kor vidt det kan kallast omsorg avheng av definisjonen, men at det finst intensjonar og opplevingar av omsorg samt omsorgsfulle tilnærmingar, meiner eg både litteratur og eiga erfaring stadfestar. Med godvilje kan me kanskje hevde at også overordna nivå vektlegg omsorg i etaten. Fritidsaktivitetar blant fengsla kvinner *kan* forståast som omsorg.

### Kan fritidsaktivitetar blant fengsla kvinner forståast som makt?

Fritid og fritidsaktivitetar er som nemnt i utgangspunktet noko frivillig, som kan vere eit mål i seg sjølv, ein rett og noko positivt. Ved første augekast kan fritida difor oppfattast som ei motsetning til makta i fengsel, og vere som Goffman (1961/1967, s. 57) skildrar ei fri og levande øy i fengselet sitt hav av plikter, tvang og krenka identitet. Det er kanskje først når me koplur på Foucault (Neumann, 2002, s. 14) sitt maktomgrep *regjering*, og knyter dette til fengselet sine rammer, at makta som verkar i fritid og fritidsaktivitetar syner seg.

Mangelen på arenaer er her avgjerande. Når du er i fengsel vert alt du gjer sett og kan få konsekvensar. Dersom du har vore i konflikt med dommarer på fotballbanen kan det få følgjer for heile kvardagen din. Slik sett fungerer kanskje ikkje fotballbanen i fengsel som i samfunnet elles; at du kan uttrykke kjensler på meir tydelege måtar enn i anna sosialt samspel (jamfør Kjølørød, 2021). Ein kan difor i tråd med Crewe (2011, s. 517-518) hevde at korleis innsette «fungerer» i fellesskap og fritid påverkar avgjerder om progresjon. Dersom ein innsett søker om permisjon vert fengselet sitt inntrykk/kjennskap til den innsette vektlagt. Det er neppe slik at manglande interesse for teater medfører permisjonsnekt, men fritidsaktivitetar/interesser kan vere viktig for fengselet sin oppfatning av og kjennskap til den fengsla.

Like eins får den som gjer ein god jobb i kvardagen og er positiv kanskje større tilgang til fritidsaktivitetar. Eg har erfaring med at den som ikkje har vaska til helga, eller som har sluntra unna i arbeidstida, heller ikkje får delta på fritidsframstilling til for eksempel kino. Dette er bruk av fritidsaktivitetar for å styre. Det er disiplinering, eller slik eg forstår det uttrykk for det Foucault kallar *dominans* (Neumann, 2002, s. 12). Her vert det ikkje nødvendigvis tatt omsyn til at arbeidet ikkje er meningsfullt på same måte som i samfunnet. Som Hjellnes (2006, s. 123) påpeikar vert unnasluntring ofte forstått som eigenskapar med innsette, heller enn som strukturelle problem. Rouleau (2015, s. 3) nemner noko liknande: Den fengsla må nytte all si

tid for å bli «eit gagns menneske», og ansvaret for å oppnå dette er hennar eige. Når me veit at motstand vert uttrykt mellom anna for å bygge identitet og personleg integritet er det kanskje problematisk at slik motstand kan medføre reduserte utviklingsmogelegheiter for innsette. At dei som ikkje fungerer i arbeid, heller ikkje får tilgang til positive opplevingar på fritida for å utvikle seg.

Mathiesen hevda at motstand mot tilsette si fordeling av privilegium ofte kjem til uttrykk i moralske bebreidingar (Mathiesen gjengitt i Lundeberg & Mjåland, 2012, s. 10). Dette kan ein knyte til praksiserfaring med innsette som prøver å påverke utveljinga av deltakarar til fritidsaktivitetar. Betjenten er avhengig av samarbeid frå innsette i kvardagen for å oppretthalde ro og samhald (jamfør Sykes 1958/2007, s. 49). Difor kan det løne seg med gode moralske argument om likebehandling og rettferd for å forklare deltakarlista. Ein innsett med som er inkluderande og støttar «svake» innsette, tek positive initiativ og støttar betjenten er ein ressurs i miljøet. Ho kan vere avgjerande for kvardagen på ei heil avdeling. Dersom denne innsette går til «streik», påverkar det miljøet på avdelinga. Det skapar spenningar, utryggheit og negativitet. Sjølv om betjenten bestemmer, er makta i motstanden frå den misnøgde innsette som «streikar» også reell. Ein innsett kan også uttrykke misnøye med betjenten si utveljing av kinodeltakarar, for i neste omgang gi etter, sjølv om ho meiner ho har moralsk rett. Slik oppnår ho ei ekstra «stjerne», og investerer i relasjonen til betjenten (Sykes, 1958/2007, s. 55). På det mellommenneskelege plan, i diskusjonen med den eine betjenten, nyttar innsette sin sosiale status i innsettmiljøet for å oppnå til dømes kinotur. Det er kanskje noko av dette Bosworth og Carrabine (2001, s. 513) er inne på når dei hevdar at den innsette sine strategiar slett ikkje berre handlar om forsøk på å undergrave den overordna straffemakta. I kvardagen kan nemleg motstand forskyve maktbalansar i mellom-menneskelege relasjonar, noko kvinner nyttar for å oppretthalde/skape eigen identitet. Maktkampar kan bli personlege, og trugsmål, både uttalte og meir implisitte vil påverke menneska, åtferda deira og muligens maktbalansen.

For den innsette personleg er kanskje «streik» ein stor innsats å legge i potten, men det skjer stadig. Det kan, som Goffman (1961/1967, s. 56) seier, vere fordi deltaking på slike aktivitetar får fangen til å gløyme sin vanskelege situasjon, og såleis er svært attraktivt. Det kan også vere fordi ein faktisk oppnår gode ved hjelp av denne strategien. Her kjem fengselet sin defekt i maktstruktur til syne; sidan betjenten er avhengig av samarbeid for å oppnå overordna mål, manglar ho maktmiddel (Sykes, 1958/2007, s. 62). Betjenten kan rett nok rapportere «streiken» slik at innsette får ein eller annan form for refs for framferda si, men då er noko tapt i miljøet. Betjenten kan også bryte teieplikta, og kanskje løyse konflikten. Ho kan gjere det for å oppnå

samarbeid (jamfør Sykes, 1958/2007, s. 54) eller av omsorg ovanfor den skuffa innsette slik Neumann (1999/2020) peikar på i sin studie.

På overordna nivå hevdar Rouleau (2020, s. 1) at fritidsaktivitetar i fengsel ofte vert sett på som eit privilegium og ingen rett. Tilsette kan derfor enkelt nekte innsette deltaking, og for etaten er dette eit område som lett kan bli nedprioritert, til dømes i tider med tronge budsjetttrammer eller pandemi. Noko av det same hevdar Hammerlin (2015, s. 130-132) når han seier at Kriminalomsorgen sjølv er med på å forsterke straffe- og sikkerheitsideologien i etaten ved å mellom anna fjerne rehabiliterings- og omsorgstiltak dersom sikkerheita vert svekka. At svak økonomi går ut over fritidstilboda til innsette er også mi erfaring. Sjølv om fengselet prøver å tilby aktivitetar, skal aktivitetar helst koste minst mogeleg. «Sunne», gratis aktivitetar som fjelltur er betre for budsjettet enn kino og teater. Dessutan gjer minimumsbemanning svært mykje med høvet til å drive fritidsaktivitetar. Det første som går ut ved låg bemanning er sosiale framstillingar. Dette stadfester kanskje Hammerlin (2015, s. 134) sin påstand om at mange av Kriminalomsorgen sine omsorgstiltak først og fremst er systemtilpassa. Eit anna «prov» for dette kan vere opne avdelingar sin «kontrakt-praksis». For å få sone på enkelte «tillitsavdelingar», ofte på lågare sikkerheitsnivå, vert det kravd at innsette signerer ein kontrakt som inneber plikt til å bidra til eit positivt miljø. Dersom ein ikkje bidreg positivt, altså bryt kontrakten, kan ein bli overført til strengare sikkerheitsnivå. Dette kan forståast som at ein pliktar å delta på fritidsaktivitetar, at ikkje frivilligheit men tvang styrer fritida til innsette.

Av og til seier betjentane at innsette går på gudsteneste berre for å få kaker etterpå. Det er liksom ikkje god nok grunn. Me ler godt og seier at i fengsel har i alle fall kyrkja eit trufast publikum. Det vert også uttrykt skepsis til at kvinnene pyntar seg for å gå på fellesarrangement med mannlege innsette. Me set spørsmålsteikn ved om dei verkeleg er interessert i sjakk. Her blandar me oss inn i kva deira motiv er og på same måte som ved sommarpåkledningsreglar er dette kjønnslada. Eg meiner også å kunne hevde at når det gjeld fritidsaktivitetar har dei ulik status. «TV-seriefråtsing» er til dømes ikkje like verdsett som skitur, shopping er lågare enn yoga, bingo vert sett på som mindre verdifullt enn teater frå fengselet si side. Samstundes er aktivitetar som seriefråtsing, shopping og bingo svært populært når det vert gjennomført, og det er aktivitetar som ofte er etterspurt frå dei kvinnelege innsette. Denne kjensla eg har av kva slags fritidsaktivitet som har status heng slik eg ser det, på overordna nivå, tett saman med måla til Kriminalomsorgen. Rouleau (2020, s. 3) konkretiserer dette ved å peike på at ved å fylle tida med «sunne aktivitetar» unngår ein umoralsk lediggang, som jo er rota til alt vondt. Berre det å halde seg aktiv er altså i seg sjølv sett på som bra. Dessutan opnar fritidsaktivitetar for ei viss

grad av handlingsfridom, noko som kan hjelpe fengsla menneske i å tilpasse seg strenge regime. Sidan desse aktivitetane kan opne for ein viss grad av valfridom kan det gi innsette kjensla av å vere autonome og fri på trass av fengsling. Slik sett er det Foucault (Neumann, 2002, s. 14) si regjeringsmakt som er i sving. Etaten utøver makt gjennom å gi innsette kjensla av at dei styrer seg sjølv. Fritidsaktivitetar har i tillegg ein normalitet ved seg og oppfyller fengselet sitt mål om å skape «normale» menneske utav «avvikarar» (Rouleau, 2020, s. 3). Roleau seier altså at fritidsarenaen i fengsel er ypparleg for å endre menneske til nye (betre) versjonar av seg sjølv, men at det er uheldig dersom fritidsaktivitetar berre vert nytta som eit middel å tene andre mål enn velvære for den innsette: «(...) I contend that favoring incarcerated people's well-being through leisure only occurs insofar as this benefits the organization's missions, for instance maintaining internal order or protecting society by producing conventional individuals.» (s. 5) Ein kan knyte dette til at Foucault oppfatta regjering som ein produksjon av individ som oppfyller bestemte forventningar (Bosworth og Kaufmann, 2012, s. 189). Og sett på spissen kan ein hevde at dette gjer Kriminalomsorgen gjennom (å rangere) fritidsaktivitetar.

Fritidsaktivitetar kan absolutt vere positive for identitetsbygging, eller dei kan vere det omtalte pusterommet frå plikter og ein arena for velvære. Men om innsette ønskjer å bruke all fritida si til å røyke og «game», eller går til kyrkjjes berre for å ete kake og flørte, kan det som nemnt medverke til utfallet når status skal gjerast opp. Dette seier noko om kor tett Kriminalomsorgen faktisk går på enkeltindivida mens dei er fengsla. Slik eg ser det minner det om Crewe (2011, s. 515) sin psykologiske evaluering, og om hans *tightness* (s. 522), noko han peikar på som smertande for innsette.

På den andre sida kan kanskje denne *tightnessen* bere i seg eit positivt potensiale. Lundeberg (2020, s. 220) finn at små einingar med lågare sikkerheitsnivå og mellom anna tette relasjonar kan gi auka tilfredsstilling. Og dersom kvinner slik Crassati et. al (2015, s. 111) hevdar, ønskjer og treng tette relasjonar, kontinuitet og gjennomsiktighet for å meistre tilværet, kan kanskje denne «sjelelege overvakinga» også bidra positivt i identitetsbygging og sjølvrealisering.

Alle handlingar og hendingar i ein fengselskontekst kan kanskje oppfattast som ei form for makt, og det heile døgnet rundt. Også i fritidsaktivitetar kan direkte uttrykk for makt, skjult makt, tvang eller forsiktig påverknadsmakt finne stad. Måla om tryggleik og om å endre/rehabiliterer er altoverskyggande i Kriminalomsorgen, og alt som skjer kan forståast som forsøk på å oppnå nettopp det. Til og med motstanden innsette uttrykkjer *mot* makta kan oppfattast som ein sikkerheitsventil og ein del av maktapparatet sin plan. Om makta kjennest



tyngande avheng av mange faktorar, og makt kan dempast og ha gode intensjonar. Intendert makt treng heller ikkje kjennast som undertrykkjande. Det er såleis liten tvil om at fritidsaktivitetar blant fengsla kvinner *kan* forståast som makt.

## Avslutning

At eit humanistisk menneskesyn inneber at den enkelte har ansvar for eige liv er logisk sidan noko anna ville ta frå henne sjølvråderetten. Det er samstundes kanskje eit paradoks, at fengsla menneske, som er fråtatt sjølv fridomen, likevel må ta på seg ansvar. Det kan synast som om livet til innsette i fengsel i stor grad handlar om å tilpasse seg rammene og å forme seg sjølv slik at dei står fram som akseptable personar - i et kanskje A4-bilde av vellukka borgarar. Om kvinner framleis vert oppfatta som «det svake kjønn», og skal rehabiliterast til å bli både lovlydige borgarar og «idealkvinner», tek fengselet ved dette frå dei enno meir handlingsrom. Kvinnene sit att med berre ansvaret. Dette kan opplevast krevjande for sårbare menneske med avgrensa ressursar. Som tilsett i fengsel kan ein difor kanskje spørje seg kor vidt ein anerkjenner smerter som følgjer ansvar for eiga utvikling innanfor fengselet sine hemmande rammer.

Fritid og fritidsaktivitetar i fengsel vert altså ikkje forstått og opplevd på same måte som i samfunnet. Det kan likevel synast som sjølv dei mest kritiske røystene til fengselssystemet har tru på at fritida kan vere viktig for fangane sin livskvalitet. Moglegheitene som ligg i slike aktivitetar, og assosiasjonane dei gir til noko positivt vert vektlagt både av fangar, tilsette og etaten.

Me har i denne oppgåva knytt viktige omgrep for Kriminalomsorgen til implikasjonar for fritidsaktivitetar blant kvinnelege innsette. Det er mi oppfatning at teoriane om makt, kjønn og omsorg har belyst fenomen kring fritidsaktivitetar blant kvinnelege innsette. Det har også medvitet om den spesielle, makttunge fengselskonteksten. Oppfatningar om kjønnsroller kan ha betydning for innsette kvinner sitt høve til utfalding. Me har også funne at både organisasjon og menneske i fengsla har høve til å dempe makt og vektlegge gode intensjonar, tillit, omsorg og humanitet. I fengselskvardagen kan einskildmenneska utgjere stor forskjell, både på godt og vondt.

Arbeidet med oppgåva har gjennom både litteratur og refleksjon rundt eigen praksis, i stor grad bevisstgjort meg på korleis omsorg og makt kan ta ulike former. Kor tett og intenst me som betjentar til tider kan gå på innsette, og mitt ansvar for å handtere dette forsvarleg. Sjølv om betjenten, som hyrden, ønskjer frelse for flokken, er ikkje gode intensjonar einstyddande med gode opplevingar.

## Kjelder

Bosworth, M. (1996). Resistance and Compliance in Women's Prisons: Towards a Critique of Legitimacy. *Critical Criminology*, (7) 5–19 <https://link.springer.com/article/10.1007/BF02461111>

Bosworth, M. og Carrabine E. (2001). Reassessing Resistance: Race, Gender and Sexuality in Prison. *Punishment & Society*, 3(4), 501-515

Bosworth, M. og Kaufman, E. (2012) Gender and Punishment. I J. Simon & R. Sparks (Red.), *The SAGE Handbook of Punishment and Society* (s. 186-204). Sage.

Brottveit, G. (Red.). (2018). *Vitenskapsteori og kvalitative forskningsmetoder*. Gyldendal.

Craissati, J., Joseph, N., & Skett, S. (Red.).(2015). *Working with offenders with personality disorder: a practitioners guide* (2. utg.). <https://www.gov.uk/>

Crewe, B. (2011). Depth, weight, tightness: Revisiting the pains of imprisonment. *Punishment & Society*, 13(5), 509-529

Dalland, O. (2020). *Metode og oppgaveskriving* (7.utg). Gyldendal Akademiske.

Dalland, O. (2013). *Profesjonsutdanning og dannelse -bacheloroppgavens muligheter*. Gyldendal Akademiske.

FN-sambandet. (2020, 21.desember). *FNs verdenserklæring om menneskerettigheter*. <https://www.fn.no/om-fn/avtaler/menneskerettigheter/fns-verdenserklæring-om-menneskerettigheter>)

Frønes, I. (1978). *Fritid, selvrealisering og opplevelse*. Oslo: INAS (Institutt for sosialforskning).

Goffman, E. (1967). *Anstalt og menneske: den totale institution socialt set*. (K. Eliskov, Overs.). Jørgen Paludans Forlag. (Opphavleg utgitt 1961).

Hammerlin, Y. (2015) Et fengsel er et fengsel, men... *Psyke & Logos*, 2015, 36, 129-152  
<https://tidsskrift.dk/psyke/article/view/22828/19962>

Hammerlin, Y. (2021) *Hard mot de harde, myk mot de myke. Norsk kriminalomsorg i anstalt*. Universitetsforlaget.

Hellebust, M., Scharff Smith, P., Lundeberg I. og Skilbrei M.-L. (2021). *Lengst inne i fengselet – kvinnelige innsatte med behov for helsehjelp*. Universitetet i Oslo.  
<https://www.ldo.no/ombudet-og-samfunnet/rapporter/soningsforhold/kvinnelige-innsatte-med-behov-for-helsehjelp/>

Hjellnes, S. (2006), Totale trekk ved fengsel og fengsling. I E. Larsen (Red.), *Fengslet som endringsarena: Bok for fengselsbetjenter*. (s. 118-147). Kriminalomsorgens utdanningscenter KRUS

Håkansson, C., Morville, A.-L. og Wagner, P. (2017). Aktivitetsbalance. I H. K. Kristensen, A. S. Schou og J. L. Mærsk (Red.), *Nordisk aktivitetsvidenskap* (s. 111-127). Munksgaard.

Jonsson, H. og Asaba, E. (2017). Aktivitet som begreb i aktivitetsvidenskapen. I H. K. Kristensen, A. S. Schou, og J. L. Mærsk (Red.), *Nordisk aktivitetsvidenskap* (s. 49-59). Munksgaard.

Kjølsrød, L. (2021, 26. februar). *Fritid*. Store norske leksikon. Henta 10. oktober 2021 frå <https://snl.no/fritid>

Kjølsrød, L. (2021, 24.september). *Hobby*. Store norske leksikon. Henta 10. oktober 2021 frå <https://snl.no/hobby>

Kriminalomsorgen (u.å). *Arbeids- og aktivitetstilbud*. Henta 10. oktober frå <https://www.kriminalomsorgen.no/arbeids-og-aktivitetstilbud.527951.no.html>

Kriminalomsorgens sentrale forvaltning (KSF). 2006. *Kriminalomsorgens sikkerhetsstrategi 2006-2010 Trygghet for samfunnet, domfelte, innsatte og tilsatte* [Brosjyre]  
<https://docplayer.me/7493360-Kriminalomsorgens-sikkerhetsstrategi-2006-2010-trygghet-for-samfunnet-domfelte-innsatte-og-tilsatte.html>

Liebling, A., Price, D. & Elliott, C. (1999). Appreciative Inquiry and relationships in prison  
*The International Journal of Penology*, 1(1), 71-89.

Lindahl-Jacobsen, L. og Jessen-Winge, C. (2017). Meningsfulde aktiviteterets betydning for sundhed og velvære. I H. K. Kristensen, A. S. Schou, og J. L. Mærsk (Red.), *Nordisk aktivitetsvidenskab* (s. 61-76). Munksgaard.

Lundeberg, I. R. og Mjåland, K. (2012). I fangens makt: Frihet, motstand og endring i norsk fengselsetnografi. *Retfærd*, 35(2), 4-23  
[https://www.researchgate.net/publication/294426957\\_I\\_fangens\\_makt\\_Frihet\\_motstand\\_og\\_endring\\_i\\_norsk\\_fengselsetnografi](https://www.researchgate.net/publication/294426957_I_fangens_makt_Frihet_motstand_og_endring_i_norsk_fengselsetnografi)

Lundeberg, I. R. (2020). (For)soning og et bedre liv etter løslatelse. I A. Renland, J. Dullum og K. Andenæs (Red.), *En fengslende historie: Et festskrift til KROM* (s. 215-239). Pax forlag.

Meld. St. 39 (2020-2021). *Kriminalomsorgsmeldingen – fremtidens kriminalomsorg og straffegjennomføring*. Det kongelige justis- og beredskapsdepartement.  
<https://www.regjeringen.no/contentassets/86e5b47b2b1a4c91a4f68be3153177b6/no/pdfs/stm202020210039000dddpdfs.pdf>

Neumann, C. B. (2018). Omsorg. I B. C. Rappana Olsen, P. Stornæss Skotte og G. Rægland Farstad (Red.), *Sosiologi i sosialfagene* (s. 185-195). Universitetsforlaget.

Neumann, C. B. (2020). *Omsorg i fengsel?* (2.utg). Pax forlag. (Opphavleg utgitt 1999).

Neumann C. B. og Snertingdal, M. (2020). Kvinnelige fanger: marginalisering, agentskap og ansvar. I A. Renland, J. Dullum og K. Andenæs (Red.), *En fengslende historie: Et festskrift til KROM* (s. 179-195). Pax forlag.

Neumann, I. B. (2002). *Michel Foucault. Forelesninger om regjering og styringskunst*. J. W. Cappelens Forlag. [Forord]

Rappana Olsen, B. C. (2018). Makt – et fenomen med mange fasetter. I B. C. Rappana Olsen, P. Stornæss Skotte og G. Ræglund Farstad (Red.), *Sosiologi i sosialfagene* (s. 108-130). Universitetsforlaget.

Revoll, M. K. (2015), *Innsattes levekår 2014 Før, under og etter soning*. (Rapporter 2015/47) Statistisk sentralbyrå. <https://www.ssb.no/sosiale-forhold-og-kriminalitet/artikler-og-publikasjoner/innsattes-levekar-2014>

Rouleau, A. M. (2020). Rethinking Incarcerated Women's Leisure as Subjected to Coercive and Normative prison Missions *Frontiers in Sports and Active Living* <https://doi.org/10.3389/fspor.2020.588775> henta 12.oktober 2021.

Skotte, P.S. & Veiden, P. (2018). Om teori og metode. I Olsen, B. C.R., Skotte P. S. & Farstad, G. R. (Red.), *Sosiologi i sosialfagene* (s. 207-219). Universitetsforlaget.

Straffegjennomføringsloven. (2001). *Lov om straffegjennomføring* (LOV-2001-05-18-21). Lovdata. <https://lovdata.no/lov/2001-05-18-21>

Sykes, G. M. (2007) *The society of Captives* (2.utg.). Princeton University Press. (Opphavleg utgitt 1958).

United Nations Human Rights Office of The High Commissioner. (u.å). *Universal Declaration of Human Rights at 70: 30 Articles on 30 Articles - Article 24*. Henta 10. oktober 2021 frå <https://www.ohchr.org/EN/NewsEvents/Pages/DisplayNews.aspx?NewsID=23966&LangID=E>

## Vedlegg

### Sjølvvalt litteraturliste

Forfatter(e)	Tittel	Forlag / Tidsskrift	År	Kapiteler / Sider	Antall sider
Bosworth, M.	Resistance and Compliance in Women's Prisons: Towards a Critique of Legitimacy.	<i>Critical Criminology</i>	1996	5–19	15
Bosworth, M. og Carrabine E.	Reassessing Resistance: Race, Gender and Sexuality in Prison	<i>Punishment &amp; Society,</i>	2001	501-515	15
Bosworth, M. og Kaufman, E.	Gender and Punishment.	J. Simon & R. Sparks (Red.), <i>The SAGE Handbook of Punishment and Society</i>	2012	186-204	19
Goffman, E.	<i>Anstalt og menneske: den totale institusjon socialt set.</i>	Jørgen Paludans Forlag.	1967  Opphavleg utgitt 1961	5-285	280
Håkansson, C., Morville, A.-L. og Wagner, P.	Aktivitetsbalance.	H. K. Kristensen, A. S. Schou og J. L. Mærsk (Red.), <i>Nordisk aktivitetsvidenskap</i> Munksgaard.	2017	111-127	17
Jonsson, H. og Asaba, E.	Aktivitet som begreb i aktivitetsvidenskapen.	H. K. Kristensen, A. S. Schou, og J. L. Mærsk (Red.), <i>Nordisk aktivitetsvidenskap</i> Munksgaard.	2017	49-59	11

Liebling, A., Price, D. & Elliott, C. Vol.1(1) p.	"Appreciative Inquiry and relationships in prison"	The International Journal of Penology SAGE Publications,	1999	71-89	19
Lindahl-Jacobsen, L. og Jessen-Winge, C.	Meningsfulde aktiviteterets betydning for sundhed og velvære.	H. K. Kristensen, A. S. Schou, og J. L. Mærsk (Red.), <i>Nordisk aktivitetsvidenskab</i> Munksgaard.	2017	61-76	16
Lundeberg, I. R. og Mjåland, K.	I fangens makt: Frihet, motstand og endring i norsk fengselsetnografi.	<i>Retfærd,</i>	2012	4-23	20
Neumann, C. B.	Omsorg.	B. C. Rappana Olsen, P. Stornæss Skotte og G. Rægland Farstad (Red.), <i>Sosiologi i sosialfagene</i> Universitetsforlaget.	2018	185-195	11
Neumann, C. B.	<i>Omsorg i fengsel?</i>	Pax forlag.	2020 Opphavleg utgitt 1999	Kap 1-2 & 7	37
Neumann C. B. og Snertingdal, M.	Kvinnelige fanger: marginalisering, agentskap og ansvar.	A. Renland, J. Dullum og K. Andenæs (Red.), <i>En fengslende historie: Et festskrift til KROM</i> Pax forlag.	2020	179-195	16
Neumann, I. B. (2002).	<i>Michel Foucault. Forelesninger om regjering og styringskunst.</i>	J. W. Cappelens Forlag.	2002	[Forord] 7-33	27
Rappana Olsen, B. C. I.	Makt – et fenomen med mange fasetter.	B. C. Rappana Olsen, P. Stornæss Skotte og G. Rægland Farstad (Red.), <i>Sosiologi i</i>	2018	108-130	23

		<i>sosialfagene</i> Universitetsforlaget.			
Rouleau, A. M.	<i>Rethinking Incarcerated Women's Leisure as Subjected to Coercive and Normative prison Missions</i>	Frontiers in Sports and Active Living	23.nov. 2020	1-8	8
Hammerlin, Y.	«Et fengsel er et fengsel, men...»	Psyke & Logos,	2015	129-152	24
Hammerlin, Y.	<i>Hard mot de harde, myk mot de myke. Norsk kriminalomsorg i anstalt</i>	Universitetsforlaget.	2021	399-527 (Del VI)	29
Sykes, G. M.	<i>The society of Captives</i>	Princeton University Press	2007 (1958)	Kap. 1, 3 og 4	53
Lundeberg, I. R.	(For)soning og et bedre liv etter løslatelse.	I A. Renland, J. Dullum og K. Andenæs (Red.), <i>En fengslende historie: Et festskrift til KROM</i> . Pax forlag	(2020).	215-239	25
					665
<b>Metode:</b>					
Dalland, O.	Profesjonsutdanning og dannelse: Bacheloroppgavens muligheter	Gyldendal akademisk.	2013	Kap. 1, 6, 7	56
Dalland, O.	Metode og oppgaveskriving	Gyldendal akademisk.	2020	Kap. 1-3, 7-10, 12-13	157
					213